

Betre kollektivtransport og mindre bilbruk i Bergensområdet

Tillegg til årsrapport for 2013

Her følger kollektivtala for 2013. Notatet inneheld og ein presentasjon av ny reisemiddelfordeling for Bergensområdet som er henta frå Reisevaneundersøkinga (RVU) for Bergensområdet 2013.

Påstigningar på buss og bane

Tabell 1 viser tal påstigningar i Bergen og Bergensområdet, fordelt på buss og Bybanen for årene 2010, 2011, 2012 og 2013 (påstigningstala er oppgjeve i heile 1 000).

Tabell 1 Utviklinga i tal påstigningar for buss og Bybanen


Påstigningar for buss og Bybanen	2010	2011	2012	2013	Endring i % frå 2012-2013	Endring i % frå 2010-2013
Buss	24 175	25 197	26 793	28 648	6,9 %	18,5 %
Bybanen	2 896*	7 060	7 994	9 125	14,1 %	215,1 %
Bergen	27 071	32 257	34 787	37 773	8,6 %	39,5 %
Fjell, Askøy og Os (Vestpakken)	5 250	6 225	6 403	6 486	1,3 %	23,5 %
Bergensområdet	32 321	38 482	41 190	44 246	7,4 %	36,9 %

* Bybanen starta opp juni 2010

Tabellen viser at passasjerveksten på buss og bane har halde fram. For Bergensområdet er tal påstigningar på 44 246 ein auke på 7,4 prosent frå 2012 til 2013 og ein auke på 36,9 prosent frå 2010. 2013 har vore nok eit godt driftsår for Bybanen. Totalt har Bybanen hatt 9,1 mill. påstigande i 2013, noko som er ein auke på 14 prosent frå 2012.

Figur 1 syner at den relative veksten i påstigningar er mykje større enn den relative befolkningsveksten dei siste åra. Biltrafikken har i denne perioden ikkje hatt like sterk vekst og det siste året har biltrafikken gått noko ned.


Utviklinga i biltrafikk, buss- og bybanepåstigningar og innbyggjarar i Bergen frå 2005 - 2013




Figur 1 Utviklinga i biltrafikk, buss- og bybanepåstigningar og innbyggjarar i Bergen frå 2005-2013

RVU 2013

Samanlikna med RVU 2008, kan resultatindikere at det har vore ei viss endring i reisemiddelfordelinga i Bergensområdet. Det er ein tendens til at fleire turar vert gjennomførte til fots eller med kollektivtransport, mens færre vert gjennomførte med bil. Figur 2 viser reisemiddelfordelinga i 2013. Delen av turar til fots har gått opp frå 19 % i 2008 til 21,5 % i 2013, mens delen av reiser med bil, bilfører, har gått ned frå 55,8 % til 52,7 %. Delen av turar med kollektivtransport har gått opp frå 11,8 % til 13,5 %. Alle endringane er statistisk signifikante.



Figur 2 Hovudreisemåter i Bergensområdet RVU 2013



Figur 3 Endring i del av reiser med bilfører, bilpassasjer, kollektivtransport, sykkel og gange frå 2008 til 2013 i Bergensområdet

I årsrapporten for 2013 er mål om ny reisemiddelfordeling i Regional Transportplan for Hordaland (RTP) 2013-2024 presenterte. Hovudmålsetjinga er knytt til å få ein reduksjon i delen av reiser med privatbil. I RTP er det eit mål av delen av reiser med bil (bilfører + bilpassasjer) skal reduserast frå 64 % til 56 % av alle reiser i Bergensområdet frå 2012 til 2024. Det representerer ein nullvekst i biltrafikken. RVU 2013 viser ein positiv trend jamfør mål om ny reisemiddelfordeling, sjå figur 2 og 3. RVU 2013 viser at delen av reiser med privatbil (bilfører + bilpassasjer) no er redusert til 60,6 %.